

Korleis gå fram?

UFF og Fretex har innsamlingsbehaldarar plassert rundt omkring i kommunane. Du finn dei ved butikkar og på miljøstasjonen i Hovdebygda.

Kle og tekstilar skal leverast i innsamlingsbehaldaren i lukka posar eller sekkar. Dei skal ikkje plasserast ved sidan av, då det kan bli vått og dermed øydelagt. Normal tømefrekvens på innsamlingsbehaldarane er 1 - 2 gongar pr. veka.



Les meir om sortering og levering av kle og tekstilar på
uffnorge.org
fretex.no

Kontakt

Foreningen UFF-Butikkene i Norge

www.uffnorge.org

E-post: post@uffnorge.org

Telefon: 63 92 89 80

Vakttlif.: 918 11 089 (*send sms ved feillevering*)

Fretex Norge AS

www.fretex.no

E-post: hei@fretex.no

Telefon: 23 68 11 70

Miljøstasjonen er open

Måndag

kl. 08.00 - 15.30

Tysdag

kl. 11.00 - 19.00

Onsdag-fredag

kl. 08.00 - 15.30

Merk!

Laurdagsope gjeld frå 1. mars til 31. oktober,
med unntak av juli månad.

Laurdag

kl. 09.00 - 12.00



Volda og Ørsta Reinholdsverk IKS

Volda og Ørsta Reinholdsverk IKS

Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda

Telefon: 70 04 86 00

firma@vor.no

vor.no

Besøk oss på Facebook



VØR

Ombruk
i fokus



Sorter ut kle og andre tekstilar du óg!

Du kan gjøre ein forskjell

Ombruk er omtanke. Leverer du kle og tekstilar til UFF og Fretex, er du med på å redusere mengda restavfall samt bidra til målretta humanitært arbeid.

Innsamla kle og tekstilar blir sende til UFF sine samarbeidspartnarar i Aust-Europa og Afrika. Der blir det selt i eigne butikkar eller til lokale forhandlarar. På den måten får mange menneske tilgang til gode og rimelege kle og overskuddet av salet blir brukt til humanitært arbeid lokalt i Afrika.

Fretex ønskjer å bidra til å auke ombruken av til dømes kle og sko. Dei tek i mot alt som kan seljast i Fretex sine brukbutikkar. Slik sparer ein miljøet, skaper verdifulle arbeidsplassar og bidreg økonomisk til Frelsesarmeens sosiale verksemd.



Tre gode grunnar

Du bidreg til:

- Å redusere mengda restavfall - som er bra for miljøet og bra for deg!
- Å gi menneske som har behov for det tilgang til gode og rimelege kle
- UFF og Fretex sitt humanitære arbeid

Reint & tørt

Kvaliteten på det du leverer er ikkje avgjørende for nytteverdien. Det er viktig at det er **reint og tørt**. Det som ikkje går til ombruk, blir sendt til materialgjenvinning. Slitte kle/tekstilar kan bli til fylleryer og tørkefiller som er mykje brukt i mekanisk industri.

UFF består av to frittståande foreiningar, U-landshjelp frå Folk til Folk, Norge (1979) og UFF-Butikkene i Norge (1987).

UFF-butikkene i Norge driv med innsamling av kle og drift av brukbutikkar, for å realisere gaveverdien som ligg i kle. Foreiningane er livssynsnøytrale, politisk uavhengige og byggjer sitt arbeid på solidarisk humanisme.

Les meir på uffnorge.org og fretex.no



JA TAKK, gjerne!

Kle	Sko	Belte
Tepper	Dyner	Smykke o.l.
Puter	Sengetøy	Mjuke leiker
Handkle	Dukar	Gardiner

Fretex sine butikkar tek også i mot til dømes bøker, bilete, glas, pyntegjenstandar og sportsutstyr. Les meir om levering på fretex.no

Fretex er Norge si største brukkjede og ein viktig del av Frelsesarmeens.

Fretex blei etablert i Kristiania i 1905 under namnet Elevator. Innsamla kle og andre varer blir selt i dei 40 butikkane frå Kirkenes i nord til Mandal i sør, eller i nettbutikken. Klede som ikkje blir selde i desse kanalane blir eksporterte.

UFF
fra folk til folk



FRETEX